



Voss herad



EIGARSKAPSMELDING FOR 2024



Innhald

Innleiing	3
Eigarpolitikk	3
Oppfølging av selskapa.....	4
EIGENVURDERING – PRINSIPP FOR GOD EIGARSTYRING	5
Kontrollutvalet si rolle	8
Styret si rolle og ansvar.....	8
Opplæring og informasjon til folkevalde	9
Gildskap og politisk representasjon i styra	9
Samfunnsansvar	9
Dei kommunale selskapa som spydspissar i klimaarbeidet	10
TILBAKEMELDING FRÅ SELSKAPA.....	17
Voss Energi AS	17
Voss Parkering AS	18
Voss Eigedom AS	19
Hagahaugen AS	20
KVEIK AS.....	21
Stasjonsgarasjen Voss AS	22
Vedlegg	23
Bokførte verdier i Voss herad per 31.12.2024	23



Innleiing

Voss herad og Vossevangen skal vera ei drivkraft for vekst i regionen – både for nabokommunane, og overfor eigne lokalsenter og nærsenter. Visjonen som vert lagt til grunn for Voss herad er å vera eit sterkt regionsenter med levande bygder. Selskapa våre skal vera eit viktig verkemiddel i arbeidet med mål og delmål sett i kommuneplanen.

Alle kommunar skal minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal bli vedteke av heradsstyret¹. Eigarskapsmeldinga skal innehalde:

- Heradet sine prinsipp for eigarstyring
- Oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemdar kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesse i
- Heradet sitt formål med sine eigarinteresser eller tilsvarande interesser i desse verksemdene

I tillegg har heradsstyret vedteke at eigarskapsmelding leggst fram åreleg og mellom anna innehalde²:

- Føremål med selskapa
- Styresamansetting for selskapa
- Generelle retningslinjer for dei kommunale selskapa
- Vurdering av måloppnåing målt opp mot føremål og styringsdokument

Dei kommunale selskapa representerer store verdier og sjølv styringa av selskapa ligg utanfor kommuneadministrasjonen og dei politiske organa sine styringslinjer. Styringa skjer gjennom selskapet sine vedtekter, formålsparagrafar, selskapsstrategiar, representantskapsmøter/ generalforsamling og eigarmøte.

Eigarskapsmelding 2024 omfattar vurdering av seks selskap.

Som grunnlag for utarbeiding av eigarskapsmeldinga vert Eigarskapspolitikk i Voss herad ³ og Vossaklima 2030⁴ nytta.

Voss herad er eigar eller deleigar i 30 ulike selskap stiftingar og lag. Samla bokførte verdier i desse utgjer pr. 31. desember 2024 om lag 220 millionar kroner.

Eigarpolitikk

Eigarskapsmeldinga er del av kommunen sin eigarskapspolitikk. Den skal sikra nødvendige styringssignal til selskapa samt tydeleggjere politikanane sitt ansvar. Eigarskapsmeldinga vert laga med utgangspunkt i lover, retningslinjer og vedtekne kommunale styringsdokument, samt innsamla informasjon frå dei selskapa som skal inn i eigarskapsmeldinga. Kva selskap/ føretak som skal inngå i den årlege eigarskapsmeldinga vil kunna variera, men skal som eit minimum omfatta aksjeselskap som heradet eig 100%.

Eigarskapsmeldinga skal vera eit:

- grunnlag for gjennomtenkt eigarskap og ansvar knytt til det.
- grunnlag for selskap til å driva aktivitet i tråd med strategi frå eigar.
- styringsgrunnlag for eigar og selskap når det skal gjerast konkrete val og vedtak.

¹ Jf. koml. §26-1

² [Om oppfølging av selskapskrava - Voss herad](#)

³ <https://voss.herad.no/politikk-og-administrasjon/om-voss/eigarskap/eigarskapspolitikk/>

⁴ [Vossaklima 2030](#)

Oppfølging av selskapa

Voss herad sitt eigarskap skal fremja samfunnsansvarleg forretningsdrift og berekraftig samfunnsutvikling. I selskap som kommunen har eigarinteresser i, skal all aktivitet kvila på same normer og etiske retningslinjer som for Voss herad. Kommuneplanen til Voss herad er tufta på FN sine berekraftsmål og selskapa våre skal arbeida for relevante FN berekraftsmål.

Eigarstrategiar

For selskap og eigardelar heradet finn det relevant, skal det utarbeidast eigen eigarstrategi. Kvar eigarstrategi skal definera kva forventningar heradet har til selskapet og innehalda strategiar og eigarkrav. Selskapet sine vedtekter/selskapsavtale/føremålsparagraf vil vera sentralt i utarbeiding av eigarstrategi. Politisk vedteken eigarstrategi vil sidan binda deltakarane i generalforsamling og representantskap.

I samband med handsaming av heradet sin eigarskapspolitikk våren 2020, vart det fatta vedtak om at eigarstrategiar skal utarbeidast for dei selskapa heradet eig 100%. Eigarstrategiar for Voss Energi AS og Voss Parkering AS vart lagt fram til politisk handsaming og vedteke i HST 14. november 2024 – sak 92/24.

Eigarmøte

Voss herad skal gjennomføra minst to eigarmøte med selskapa ein eig 100% i løpet av valperioden. Voss herad skal i eigarmøta vera representert med formannskapet og rådmannen. Selskapet skal som minimum vera representert med styreleiar og dagleg leiar.

Eigarmøte med leiinga i selskapet gjev formannskapet grunnlag for å kontrollera at desse driv verksemda på ein måte som byggjer på føremålet til selskapet og kommunen sine mål med eigarskapen. Formannskapet gjev i eigarmøte signal til selskapsleiinga om kva kommunen som eigar er oppteken av.

Frå 2021 vart eigarmøte med selskapa lagt inn i årshjulet til Formannskapet.

ÅRSHJUL FOR OPPFØLGING AV HERADET SITT EIGARSKAP

Tidspunkt	Administrative prosessar	Politiske prosessar/vedtak
Februar	Styrekurs folkevalde kvart 4. år etter val	
Våren		Valnemnda skal utarbeida framlegg til val av medlemar til styre i kommunale, interkommunale og eksterne selskap.
Mai / juni		Formannskapet / heradsstyret si førebuing til årsmøte, generalforsamling og representantskapsmøte.
August	Oppstart årleg eigarskapsmelding. Oppstart eigarstrategi kvart 4. år, etter val.	
Oktober / november	Rådmannen sitt utkast til årleg eigarskapsmelding ferdig. Rådmannen sitt utkast til eigarstrategi kvart 4. år, etter val	
Etter avtale		Gjennomføra minst to eigarmøte med selskapa i løpet av valperioden.



EIGENVURDERING – PRINSIPP FOR GOD EIGARSTYRING

Prinsippa skal avklara roller og visa tydeleg retning for korleis kommunen skal opptre som eigar. Prinsippa kjem i tillegg til gjeldande lover på området. Vilkår kring eigarstyring for det einskilde selskapet vert gjort i vedtekter, aksjonæravtalar eller eigarstrategiar.

Prinsipp for god eigarstyring i Voss herad står med grøn skrift i kursiv.

For dei selskap og eigardeler kommunen som eigar finn det relevant, skal eigarstrategiar utarbeidast. Selskapsvise eigarstrategiar skal gje klare og langsiktige mål for selskapet. Styret er ansvarleg for at måla vert realisert.

Eigarstrategiar for Voss Energi AS og Voss Parkering AS vart etablert i 2024.

For selskap som opererer i ein marknad, skal det setjast opp utbyte- og avkastningskrav. For selskap som har andre spesifikt definerte mål, vil avkastningsforventingar verta erstatta av andre mål.

	Utbyte/ avkastningskrav – andre effektmål
Voss Energi	Viser til gjeldande avtale med Voss herad om ansvarleg lån og avtale om utbyte maksimalt 60% av gjennomsnittleg årsresultat siste 5 år. Styret har som mål at eigenkapitalandelen på sikt skal vera over 25 %.
Voss Parkering	Selskapet betaler ikkje ut utbyte, vedtektsfesta.
Voss Eigedom	Det er ikkje sett konkrete utbyte- eller avkastningskrav, utover at selskapet skal gå med overskot kvart år.
Hagahaugen	Ingen utbyte- eller avkastningskrav. Selskapet er ein ideell organisasjon som frå 01.01.24 har som føremål å stille anlegget på Hagahaugen til disposisjon for heradet.
Kveik	Det vert ikkje tatt ut utbyte i Kveik AS, dette er vedtaksfesta. Årleg overskotsdisponering vert utarbeidd og har fokus på kontinuerleg forbetring av våre arbeidsarenaer til gode for våre brukarar. For 2024 er det eit underskot og såleis ikkje utarbeidd noko overskotsdisponering.
Stasjonsgarasjen	Nei. Overskot må brukast til å nedbetale gjeld.

Styret skal ha ein uavhengig kontrollfunksjon. Voss herad fremjar sine interesser overfor selskap gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte.

	Eigarmøte utover generalforsamling – rapporteringsrutinar overfor eigar(ar)
Voss Energi	Årleg ordinær generalforsamling med årsmelding og rekneskap. Årleg orienteringsmøte med formannskapsmedlemer i tilknytning til generalforsamling. Halvårsrapport. Årleg møte med ordførar og rådmann.
Voss Parkering	Nei, berre generalforsamling. Kopi av alle styrereferata til ordførar og rådmann.
Voss Eigedom	Det er gjennomført eitt eigarmøte i 2024. Rapportering på generalforsamlinga. Elles rapportering på eigarmøte etter behov.
Hagahaugen	Det er ikkje gjennomført formelle eigarmøte i 2024. Styret har hatt dialog med administrasjon og ordførar mellom anna om desse sakene: - praktiske



	detaljar ikring kommunal overtaking av drifta frå 01.01.24, - reversering av vedtak om avvikling av AS-et, og debitorskifte av lån i Kommunalbanken. Ordførar deltok på generalforsamling og ekstraordinær generalforsamling i 2024. Elles rapportering etter behov.
Kveik	Det er ikkje gjennomført eigarmøte i 2024. Alle styrereferat vert sendt til postmottak i Voss herad og postmottak VLFK .
Stasjonsgarasjen	Det er ikkje gjennomført eigarmøte i 2024. Ingen spesielle rapporteringsrutinar.

Godtgjersle til styra i selskapa skal vera på eit moderat nivå, men høgt nok til at det fremjar verdiskaping, og er rimeleg ut i frå styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten i arbeidet.

2024	Tilsette (årsverk)	Omsetnad mill. kr	Kompleksitet ⁵	Styreleiar	Nestleiar	Medlem
Voss Energi	55	390,1	6	133.000	96.000	45.600
Voss Parkering	5	19,4	3	94.000	39.000	29.000
Voss Eigedom	0	6,9	3	65.000	39.000	19.500
Hagahaugen	0	4,8	2	32.500	-	10.000
Kveik	9	5,8	3	65.000	-	19.500
Stasjonsgarasjen	0	2,6	2	0	0	0

Lønnsnivået for leiar i selskap der kommunen eig ein vesentleg del, skal liggja på eit konkurransedyktig nivå, men skal ikkje vera lønnsleiande

	Løn dagleg leiar 2024
Voss Energi	1.662.391
Voss Parkering	880.000
Voss Eigedom	533.240
Hagahaugen⁶	25.000
Kveik	1.039.230
Stasjonsgarasjen⁷	0

Kapitalstrukturen i eit selskap skal vera tilpassa føremålet med eigarskapen og selskapet sin aktuelle situasjon.

	Er kapitalstruktur tilpassa føremål og dagens situasjon?
Voss Energi	Ja
Voss Parkering	Ja
Voss Eigedom	Kapitalstrukturen i selskapet tilpassa føremålet. Skal selskapet ta del i større prosjekt må kapitalbasen aukast.
Hagahaugen	Selskapet har høg langsiktig gjeld, som kjem av investeringar gjort i 2009/10. Langsiktig gjeld vart redusert med kr 1 950 580 i 2024 og utgjorde kr 38 036 t40 per 31.12. Varige driftsmidlar vart nedskriven med kr 2 388 997. Rentekostnader utgjorde kr 2 162 042. Alle inntekter frå utleige og drift vert bokført i heradet sin rekneskap. Hagahaugen AS sine

⁵ Rådmannen si vurdering av kompleksitet i arbeidet, skala 1 – 6.

⁶ Styreleiar mottok kr. 25.000 for ivaretaking av administrative oppgåver.

⁷ Det er ikkje tilsett dagleg leiar i Stasjonsgarasjen. Kontaktperson for selskapet sitt i Bane NOR Eigedom AS.



	drifts- og finanskostnader vert dekkja ved overføringar frå heradet i samsvar med inngått samarbeidsavtale.
Kveik	Kapitalstrukturen i selskapet er som følge av den aktuelle situasjonen. Med ei omorganisering i selskapet basert på Nav sine krav, er ikkje nødvendigvis kapitalstrukturen tilpassa optimalt.
Stasjonsgarasjen	Ja

Det skal nyttast valkomité i samband med val av medlemmer til styra. Styret skal vera kjenneteikna av kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå eigenarten til selskapet og kommunen sine mål med eigarskapen.

Heradsstyret vel kommunen sine representantar etter innstilling frå heradsstyret si valnemnd. Valnemnda skal ta omsyn til selskapa sine kompetansebehov i styret. Voss herad skal arbeide for ei jamn kjønnsfordeling i styra dei vel styremedlemmar til. Voss herad skal til vanleg ha minimum 40 % frå kvart kjønn. Voss Energi har 33% kvinner i styret. Dei andre selskapa er innanfor målsettinga.

Styredatabasen som vart oppretta i 2019 er utdatert. Det er dialog med Hardanger og Voss Næringshage om å etablere ein ny styredatabase. Målsettinga er å ha databasen på plass i god tid før valnemnda tek til sitt arbeide i 2026. I samband med opprettinga av databasen skal det haldast «inspirasjonsseminar» for å auka interessa og få på plass fleire og yngre kandidatar til styreverva.

Styresamansetting etter generalforsamling i 2025:

	Styreleiar	Nestleiar	Medlem
Voss Energi	Atle Neteland	Björg Djukastein	Tomas Hårklau Unn Fauskanger Morten Helgaset (tils. rep.) Dag Arild Jensen (tils. rep.)
Voss Parkering	Anne Rivenes	Jon Ivar Fjose	Ann Kristin Vedå Terje Eide Synva Vinje
Voss Eigedom	May Røssland		Are Nilsen Sveinung Riber
Hagahaugen	Rolf Abrahamsen		Giske Berland Nils Tveite
Kveik	Sigbjørn Hauge		Kari Hernes Marit Wæhle Arne Nordbø
Stasjonsgarasjen	Per Atle Tufte		Knut Ståle Kvissel May-Lisbeth Berg Knutsen

Det skal vera opne forhold omkring eigarskapen til Voss herad og aktiviteten i selskapa.

Voss herad har oppdatert heimesida med informasjon om eigarskap. På [Eigarskap - Voss herad](#) finn ein gjeldande eigarskapspolitikk, eigarskapsmelding og detaljert informasjon om dei mange selskapa.

Opne forhold kring eigarskapen vert mellom anna ivareteke ved at dei fleste eigarskapsmøta vert halde i samband med formannskapet sine møter.

Voss heradsstyre har både eit tilsyn- og kontrollansvar for å sikra at kommunen når måla sine, at regelverket vert etterlevd og at det vert teke etiske omsyn. Tilsyn/kontroll vert utført gjennom blant anna rekneskapsrevisjon, forvaltingsrevisjon og selskapskontroll.

Kontrollutvalet si rolle

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sine eigarskap vert forvalta i tråd med heradsstyret sine vedtak og føresetnader. Eigarskapskontroll er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet, og eit viktig verkemiddel for å sikra at selskapa er under demokratisk styring og kontroll (Kontrollutvalsboka, s. 59). Kontrollutvalet skal sørge for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen og selskapa kommunen har eigarinteresser i, og at kommunen sine eigarinteresser i selskap blir kontrollerte (Kontrollutvalsboka s. 41).

Det er ikkje motteke rapport frå Kontrollutvalet i 2024 om gjennomført eigarskapskontroll av selskapa som er omfatta av eigarskapsmeldinga.

Styret si rolle og ansvar

Styret utøver ein uavhengig kontrollfunksjon. Voss herad fremjar sine interesser overfor selskapa gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte.

Styret skal ta vare på den strategiske leiinga av selskapet innanfor dei rammene som er gjeve av eigar. Styret skal vera ein viktig diskusjonspartnar og støttespelar for leiinga i større saker, men må òg kunna utfordra dagleg leiar og verksemda på ein konstruktiv måte, slik at det vert teke gode avgjerder. Styret må ha ei uavhengig rolle til leiinga og kontrollera leiinga på grunnlag av vedtekne målsetjingar. Meir om prinsipp og styret si rolle og ansvar⁸.

Innsamla informasjon frå selskap og føretak syner slik status:

2024	<i>Instruks for styret</i>	<i>Instruks for dagleg leiar</i>	<i>Eiga ekstern styreopplæring</i>	<i>Årleg plan for styret sitt arbeid</i>	<i>Styre-seminar</i>	<i>Gjennomført Eigenevaluering/ måloppnåing</i>
Voss Energi	<i>Ja</i>	<i>Ja</i>	<i>Ja</i>	<i>Ja</i>	<i>Ja</i>	<i>Ja</i>
Voss Parkering	<i>Ja</i>	<i>Ja</i>	<i>Nei</i>	<i>Ja</i>	<i>Nei</i>	<i>Ja</i>
Voss Eigedom	<i>Nei</i>	<i>Nei</i>	<i>Ja</i>	<i>Nei</i>	<i>Ja</i>	<i>Nei</i>
Hagahaugen	<i>Ja</i>	<i>Ja</i>	<i>Ja</i>	<i>Nei</i>	<i>Nei</i>	<i>Nei</i>
Kveik	<i>Ja</i>	<i>Ja</i>	<i>Ja</i>	<i>Ja</i>	<i>Ja</i>	<i>Ja</i>
Stasjonsgarasjen	<i>Nei</i>	<i>Nei</i>	<i>Nei</i>	<i>Nei</i>	<i>Nei</i>	<i>Nei</i>

Kompetansesamansetting i styret

Nytt punkt etter vedtak i HST 14.11.2024.

	Kompetansesamansetting
Voss Energi	Samla styre har god og variert kompetanse innan fleire felt: energibransjen, politikk, teknikk og økonomi. Styremedlemene har fleire års erfaring med styrearbeid, og frå leiarstillingar. Auka kompetanse med deltaking i styrekurs som bransjeorganisasjonar arrangerer vert vurdert som aktuelle.

⁸ [Prinsipp for god eigarstyring - Voss herad](#)



Voss Parkering	Styret har generell og allsidig kompetanse.
Voss Eigedom	Brei og variert kompetanse og erfaring i styret. Kunne vore ønskeleg med meir erfaring innan eigedomsutvikling og jus. Det er planlagt endringar i styret frå 2025. Styret skal reduserast til to medlemmer.
Hagahaugen	2 av styremedlemane har lang fartstid i heradsstyret/politikken i Voss herad. 2 av styremedlemane har lang røynsle som private næringsdrivande. 1 styremedlem har mangeårig røynsle som rådmann og sjukehusdirektør. Med noverande organisering og drift av selskapet er kompetansen til styret meir enn og god nok.
Kveik	Kveik har ei brei samansetting av kompetanse i styret med kunnskap om politikk, offentleg forvaltning, god lokalkunnskap og forståing av økonomi og rekneskap. I ei verksemd med stadige omveltingar og endringar, er det viktig å ha eit styre som innehar brei kompetanse innan økonomi, arbeidsmarknaden og politiske føringar for strategiar. Noko meir kompetanse og kontakt med lokalt næringsliv kunne vore ein styrke i styret. Kveik hadde fem personar med på styrekurs i 2024. Det er ønskje om å jobbe meir målretta mot valnemnda.
Stasjonsgarasjen	Dette inneber både utvikling, forvaltning og drift av parkeringsinfrastruktur, med tilhøyrande tekniske, økonomiske og juridiske aspekt. Styret har solid forståing og erfaring knytt til styrearbeid.

Opplæring og informasjon

Voss herad arrangerer opplæring i eigarstyring for folkevalde og styremedlemmar i kommunale selskap kvar valperiode. Dei einskilde selskapa har ansvar for supplerande opplæring i rolla som styremedlem.

Voss herad arrangerte styrekurs i regi av KS Konsulent 13. november 2024. Det var 24 deltakarar. Av desse var tre frå administrasjonen i Voss herad. Fire av seks verksemdar som er omfatta av eigarskapsmeldinga deltok.

Gildskap og politisk representasjon i styra

Voss herad skal vere restriktiv med å ha ordførar og varaordførar i selskap der dei også kan utgjera generalforsamlinga. Rådmann, kommunalsjefar og einingsleiarar skal som utgangspunkt ikkje kunna vera styremedlem i selskapa.

Voss herad vil praktisere ei strengare ordning for ugildskap enn det forvaltningslova legg opp til. I tilfelle der politikarar som er styremedlem i verksemdar som er unnateke reglande for ugildskap etter § 6,1 ledd, e i forvaltningslova, vil dei etter dette regelverket vera ugilde.

Korkje ordførar, varaordførar, rådmann, kommunalsjefar eller einingsleiarar var medlem eller varamedlem i styre i dei kommunale selskapa pr. 31.12.2024.

Samfunnsansvar

Verksemdar har ei viktig samfunnsrolle og påverkar samfunnsutviklinga og nærmiljøet som dei opererer i. Voss herad utøver sitt samfunnsansvar gjennom bl.a. etiske retningslinjer, overordna arbeidsgjevarpolitikk og ulike miljøtiltak.

Når det gjeld aksjeselskap og interkommunale selskap, er det styret i selskapa og føretaka som har ansvar for å ta hand om samfunnsansvaret. Gjennom vedtekne eigarprinsipp har kommunen klare formuleringar om at alle selskap skal ta eit samfunnsansvar. Voss herad som eigar legg til grunn at alle styre tek samfunnsansvar og at det er integrert både i dagleg drift og i strategiar. I tillegg til det generelle ansvaret, er det nokre forhold som kommunen legg vekt på i dialog med selskap og som kommunen ventar at styret tek med i sine vurderingar. Dette gjeld vurderingar knytt til arbeidsgjevarpolitikk, miljø, etikk og korrupsjon.

	Korleis varetek selskapet sitt samfunnsansvar?
Voss Energi	Arbeidsgjevartilslutning via Samfunnsbedriftene Energi; tariffavtalar og arbeidsgjevarpolitikk. Etske retningslinjer, utgreiing i samsvar med krav i Openheitslova. Arbeid med å førebu rapportering av berekraft i samsvar med EU sitt bærekraftsrapporteringsdirektiv. Internkontrollsystem med instruksar og rutinar, HMS, vassdrag og miljø, kjeldesortering av avfall.
Voss Parkering	Ikkje svart.
Voss Eigedom	Ikkje svart.
Hagahaugen	Heradet (eigar) har overteke ansvaret for drift og utvikling på Hagahaugen. Eigar er difor sjølv ansvarleg for varetaking av samfunnsansvaret.
Kveik	Kveik AS har utarbeida etske retningslinjer som vert evaluert og gjennomgått i tråd med sertifiseringskrav. Kveik AS har ein arbeidsgjevarpolitikk og personalpolitikk som vert evaluert årleg.
Stasjonsgarasjen	Bane NORs etske retningslinjer følges.

Dei kommunale selskapa som spydspissar i klimaarbeidet

Det er både naturleg og viktig at også arbeidet med å realisera Vossaklima 2030 vert sett høgt på dagsordenen i dei kommunale selskapa til Voss herad.

I det vidare arbeidet med å utarbeida eigarstrategiar for utvalde kommunale selskap vil målsetjingar og føringar lagt i Vossaklima 2030 verta eksplisitt nemnt. Uavhengig av eigarskapsstrategiane er det rimeleg å kunna forventa at dei kommunale selskapa våre sjølve tek aktivt grep for å bidra i arbeidet med den grønne omstillinga.

	Vurdering av kva av FN sine berekraftsmål som er mest aktuelle
Voss Energi	Mål nr. 7 Rein energi til alle - Mål nr. 9 Industri innovasjon og infrastruktur - Mål nr. 11 Berekraftige byar og infrastruktur - Mål nr. 12 Ansvarleg forbruk og produksjon - Mål nr. 13 Stoppa klimaendringane, delmål 13.3 - Mål nr. 15 Livet på land, delmål 15.1 - Mål nr. 17 Samarbeid for å nå måla
Voss Parkering	Ikkje svart.
Voss Eigedom	Berekraftsmål nr. 11 - Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige.



Hagahaugen	Heradet (eigar) har overteke ansvaret for drift og utvikling på Hagahaugen. Eigar må difor sjølv vurdera drift og utvikling i høve til FN sine berekraftsmål.
Kveik	God helse og livskvalitet - God utdanning - Ansvarleg forbruk og produksjon
Stasjonsgarasjen	Ikkje vurdert

	Aktivitetar som stettar opp om Vossaklima 2030												
Voss Energi	Bidrag under satsingsområde 8 «Vossakraft og energiproduksjon» (kun for Voss Energi) Opprusting/fornyng og utviding av eksisterande kraftverk. Planar for nye småkraftverk. Konkret kan også nemnast opprusting og utviding av Palmafossen kraftverk med utvikling av tovegs fiskevandring. Overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn i høgjellet utan behov for vegbygging. Ombygging og fornyng av gammal linje mellom Evanger og Seim ved at den vert lagt i kabel. Forsterking av elnett for å kunna ta imot solkraft. Deltek i finansiering av «Bømoen plussbygd» Bidrag under satsingsområde 13 «Dei kommunale selskapa som spydspissar i klimaarbeidet» Sjå punktet ovanfor. Arbeidet med utgreiing etter Openheitslova og arbeidet med innføring av rutinar for berekraftsrapportering gjev betre oversikt over selskapet sitt klimaarbeid Kort kommentar på kvart punkt under satsingsområde 13: <table border="1"> <tr> <td>Dei kommunale selskapa våre skal aktivt nytta kjøpekrafta si til å stimulera til klimatilpassing for produkt- og tenesteleverandørar.</td><td>Er med i vurdering av tilbod på kjøp av tenester</td></tr> <tr> <td>Utarbeida eige klimabudsjett for det kommunale selskapet.</td><td>Nei</td></tr> <tr> <td>Vurdera deltaking i Klimapartner som relevant nettverk for å nå måla.</td><td>Ikkje vurdert</td></tr> <tr> <td>Vurdera og ta i bruk Klimakost som verktøy for å jobba kontinuerleg med klimafotavtrykk i eigen organisasjon.</td><td>Ikkje vurdert</td></tr> <tr> <td>På eige initiativ lansera kampanjar, konkurransar og liknande som vil motivera og engasjera innbyggjarane våre til energisparing, energieffektivisering og til å vera ein del av ein framtidig sirkulær økonomi.</td><td>Kampanjar på sal av varmepumper og informasjon om effekten av desse</td></tr> <tr> <td>Leggja til rette for at brukarane nyttar ny teknologi som bidreg til å redusera klimafotavtrykket.</td><td>Tilrettelegging av nett for tilkopling av plusskundar</td></tr> </table>	Dei kommunale selskapa våre skal aktivt nytta kjøpekrafta si til å stimulera til klimatilpassing for produkt- og tenesteleverandørar.	Er med i vurdering av tilbod på kjøp av tenester	Utarbeida eige klimabudsjett for det kommunale selskapet.	Nei	Vurdera deltaking i Klimapartner som relevant nettverk for å nå måla.	Ikkje vurdert	Vurdera og ta i bruk Klimakost som verktøy for å jobba kontinuerleg med klimafotavtrykk i eigen organisasjon.	Ikkje vurdert	På eige initiativ lansera kampanjar, konkurransar og liknande som vil motivera og engasjera innbyggjarane våre til energisparing, energieffektivisering og til å vera ein del av ein framtidig sirkulær økonomi.	Kampanjar på sal av varmepumper og informasjon om effekten av desse	Leggja til rette for at brukarane nyttar ny teknologi som bidreg til å redusera klimafotavtrykket.	Tilrettelegging av nett for tilkopling av plusskundar
Dei kommunale selskapa våre skal aktivt nytta kjøpekrafta si til å stimulera til klimatilpassing for produkt- og tenesteleverandørar.	Er med i vurdering av tilbod på kjøp av tenester												
Utarbeida eige klimabudsjett for det kommunale selskapet.	Nei												
Vurdera deltaking i Klimapartner som relevant nettverk for å nå måla.	Ikkje vurdert												
Vurdera og ta i bruk Klimakost som verktøy for å jobba kontinuerleg med klimafotavtrykk i eigen organisasjon.	Ikkje vurdert												
På eige initiativ lansera kampanjar, konkurransar og liknande som vil motivera og engasjera innbyggjarane våre til energisparing, energieffektivisering og til å vera ein del av ein framtidig sirkulær økonomi.	Kampanjar på sal av varmepumper og informasjon om effekten av desse												
Leggja til rette for at brukarane nyttar ny teknologi som bidreg til å redusera klimafotavtrykket.	Tilrettelegging av nett for tilkopling av plusskundar												



	Invitera FoU miljø til fullskala testing av innovative energiteknologiar på dei tekniske anlegga.	Støttebrev til Kitemill AS i samband med søknad om EU-midlar
	Etablera eige fond for å støtta energieffektviserande tiltak i private bustader.	Nei
	Oppmuntra og støtta innbyggjarar og næringsliv til å nytta seg av energieffektiviseringsstøtte frå Enova	Hjelper næringsliv og private med informasjon om enova.no og eventuelle tilskot
Voss Parkering	Bidrag under satsingsområde 13 «Dei kommunale selskapa som spydspissar i klimaarbeidet» - ikkje svart Kort kommentar på kvart punkt under satsingsområde 13:	
	Dei kommunale selskapa våre skal aktivt nytta kjøpekrafta si til å stimulera til klimatilpassing for produkt- og tenesteleverandørar.	Nei
	Utarbeida eige klimabudsjett for det kommunale selskapet.	Nei
	Vurdera deltaking i Klimapartner som relevant nettverk for å nå måla.	Ser på om det kan vera høveleg
	Vurdera og ta i bruk Klimakost som verktøy for å jobba kontinuerleg med klimafotavtrykk i eigen organisasjon.	Nei
	På eige initiativ lansera kampanjar, konkurransar og liknande som vil motivera og engasjera innbyggjarane våre til energisparing, energieffektivisering og til å vera ein del av ein framtidig sirkulær økonomi.	Ja, gratisparkering i Vossapark før jol.
	Leggja til rette for at brukarane nyttar ny teknologi som bidreg til å redusera klimafotavtrykket.	Ja, betre skilting til p-hus – mindre søkje køyring
	Invitera FoU miljø til fullskala testing av innovative energiteknologiar på dei tekniske anlegga.	Nei
	Etablera eige fond for å støtta energieffektviserande tiltak i private bustader.	Nei
	Hjelper næringsliv og private med informasjon om enova.no og eventuelle tilskot	Nei
Voss Eigedom	Bidrag under satsingsområde 13 «Dei kommunale selskapa som spydspissar i klimaarbeidet»	

	Selskapet legg vekt på å ta omsyn til berekraftsmåla ved oppføring av nybygg. Kort kommentar på kvart punkt under satsingsområde 13: <table> <tr> <td>Dei kommunale selskapa våre skal aktivt nytta kjøpekrafta si til å stimulera til klimatilpassing for produkt- og tenesteleverandørar.</td><td>Ja, når aktuelt</td></tr> <tr> <td>Utarbeida eige klimabudsjett for det kommunale selskapet.</td><td>Nei</td></tr> <tr> <td>Vurdera deltaking i Klimapartner som relevant nettverk for å nå måla.</td><td>Nei</td></tr> <tr> <td>Vurdera og ta i bruk Klimakost som verktøy for å jobba kontinuerleg med klimafotavtrykk i eigen organisasjon.</td><td>Nei</td></tr> <tr> <td>På eige initiativ lansera kampanjar, konkurransar og liknande som vil motivera og engasjera innbyggjarane våre til energisparing, energieffektivisering og til å vera ein del av ein framtidig sirkulær økonomi.</td><td>Nei</td></tr> <tr> <td>Leggja til rette for at brukarane nyttar ny teknologi som bidreg til å redusera klimafotavtrykket.</td><td>Ja, når aktuelt</td></tr> <tr> <td>Invitera FoU miljø til fullskala testing av innovative energiteknologiar på dei tekniske anlegga.</td><td>Nei</td></tr> <tr> <td>Etablere eige fond for å støtta energieffektviserande tiltak i private bustader.</td><td>Nei</td></tr> <tr> <td>Hjelper næringsliv og private med informasjon om enova.no og eventuelle tilskot</td><td>Nei</td></tr> </table>	Dei kommunale selskapa våre skal aktivt nytta kjøpekrafta si til å stimulera til klimatilpassing for produkt- og tenesteleverandørar.	Ja, når aktuelt	Utarbeida eige klimabudsjett for det kommunale selskapet.	Nei	Vurdera deltaking i Klimapartner som relevant nettverk for å nå måla.	Nei	Vurdera og ta i bruk Klimakost som verktøy for å jobba kontinuerleg med klimafotavtrykk i eigen organisasjon.	Nei	På eige initiativ lansera kampanjar, konkurransar og liknande som vil motivera og engasjera innbyggjarane våre til energisparing, energieffektivisering og til å vera ein del av ein framtidig sirkulær økonomi.	Nei	Leggja til rette for at brukarane nyttar ny teknologi som bidreg til å redusera klimafotavtrykket.	Ja, når aktuelt	Invitera FoU miljø til fullskala testing av innovative energiteknologiar på dei tekniske anlegga.	Nei	Etablere eige fond for å støtta energieffektviserande tiltak i private bustader.	Nei	Hjelper næringsliv og private med informasjon om enova.no og eventuelle tilskot	Nei
Dei kommunale selskapa våre skal aktivt nytta kjøpekrafta si til å stimulera til klimatilpassing for produkt- og tenesteleverandørar.	Ja, når aktuelt																		
Utarbeida eige klimabudsjett for det kommunale selskapet.	Nei																		
Vurdera deltaking i Klimapartner som relevant nettverk for å nå måla.	Nei																		
Vurdera og ta i bruk Klimakost som verktøy for å jobba kontinuerleg med klimafotavtrykk i eigen organisasjon.	Nei																		
På eige initiativ lansera kampanjar, konkurransar og liknande som vil motivera og engasjera innbyggjarane våre til energisparing, energieffektivisering og til å vera ein del av ein framtidig sirkulær økonomi.	Nei																		
Leggja til rette for at brukarane nyttar ny teknologi som bidreg til å redusera klimafotavtrykket.	Ja, når aktuelt																		
Invitera FoU miljø til fullskala testing av innovative energiteknologiar på dei tekniske anlegga.	Nei																		
Etablere eige fond for å støtta energieffektviserande tiltak i private bustader.	Nei																		
Hjelper næringsliv og private med informasjon om enova.no og eventuelle tilskot	Nei																		
Hagahaugen	Bidrag under satsingsområde 13 «Dei kommunale selskapa som spydspissar i klimaarbeidet» Heradet (eigar) har overteke ansvaret for drift og utvikling på Hagahaugen. Eigar er difor sjølv ansvarleg for varetaking av tiltaka under satsingsområde 13 i Vossaklima 2030. Kort kommentar på kvart punkt under satsingsområde 13: <table> <tr> <td>Dei kommunale selskapa våre skal aktivt nytta kjøpekrafta si til å stimulera til klimatilpassing for produkt- og tenesteleverandørar.</td><td>-</td></tr> </table>	Dei kommunale selskapa våre skal aktivt nytta kjøpekrafta si til å stimulera til klimatilpassing for produkt- og tenesteleverandørar.	-																
Dei kommunale selskapa våre skal aktivt nytta kjøpekrafta si til å stimulera til klimatilpassing for produkt- og tenesteleverandørar.	-																		



	Utarbeida eige klimabudsjett for det kommunale selskapet.	-
	Vurdera deltaking i Klimapartner som relevant nettverk for å nå måla.	-
	Vurdera og ta i bruk Klimakost som verktøy for å jobba kontinuerleg med klimafotavtrykk i eigen organisasjon.	-
	På eige initiativ lansera kampanjar, konkurransar og liknande som vil motivera og engasjera innbyggjarane våre til energisparing, energieffektivisering og til å vera ein del av ein framtidig sirkulær økonomi.	-
	Leggja til rette for at brukarane nyttar ny teknologi som bidreg til å redusera klimafotavtrykket.	-
	Invitera FoU miljø til fullskala testing av innovative energiteknologiar på dei tekniske anlegga.	-
	Etablera eige fond for å støtta energieffektviserande tiltak i private bustader.	-
	Hjelper næringsliv og private med informasjon om enova.no og eventuelle tilskot	-
Kveik	Bidrag under satsingsområde 13 «Dei kommunale selskapa som spydspissar i klimaarbeidet» Ja. Me er saman i bedriftsnettverk med fokus på gjenvinning og berekraft. Me prøver å etablere arbeidsstasjonar med fokus på berekraft. Kort kommentar på kvart punkt under satsingsområde 13:	
	Dei kommunale selskapa våre skal aktivt nytta kjøpekrafta si til å stimulera til klimatilpassing for produkt- og tenesteleverandørar.	Ja, bevisstheit om innkjøp
	Utarbeida eige klimabudsjett for det kommunale selskapet.	Nei
	Vurdera deltaking i Klimapartner som relevant nettverk for å nå måla.	Nei ikkje pr i dag. Me nyttar verktøy i Miljøfyrtårn og byggjer vidare på desse.
	Vurdera og ta i bruk Klimakost som verktøy for å jobba kontinuerleg med klimafotavtrykk i eigen organisasjon.	Nei. Me er miljøfyrtårnsertifisert og nyttar dei verktøy som dei har.



	På eige initiativ lansera kampanjar, konkurransar og liknande som vil motivera og engasjera innbyggjarane våre til energisparing, energieffektivisering og til å vera ein del av ein framtidig sirkulær økonomi.	Nei. Ikkje relevant for oss.
	Leggja til rette for at brukarane nyttar ny teknologi som bidreg til å redusera klimafotavtrykket.	Ja me prøver å vere miljømedvitne i det daglege.
	Invitera FoU miljø til fullskala testing av innovative energiteknologiar på dei tekniske anlegga.	Nei. Ikkje vurdert.
	Etablere eige fond for å støtta energieffektiviserande tiltak i private bustader.	Nei. Ikkje relevant.
	Hjelper næringsliv og private med informasjon om enova.no og eventuelle tilskot	Ikkje relevant for oss å opplyse andre, men ha fokus på kva me kan søkje om får Enova.
Stasjonsgarasjen	Bidrag under satsingsområde 13 «Dei kommunale selskapa som spydspissar i klimaarbeidet» Nei. Kort kommentar på kvart punkt under satsingsområde 13:	
	Dei kommunale selskapa våre skal aktivt nytta kjøpekrafta si til å stimulera til klimatilpassing for produkt- og tenesteleverandørar.	Nei
	Utarbeida eige klimabudsjett for det kommunale selskapet.	Nei
	Vurdera deltaking i Klimapartner som relevant nettverk for å nå måla.	Nei
	Vurdera og ta i bruk Klimakost som verktøy for å jobba kontinuerleg med klimafotavtrykk i eigen organisasjon.	Nei
	På eige initiativ lansera kampanjar, konkurransar og liknande som vil motivera og engasjera innbyggjarane våre til energisparing, energieffektivisering og til å vera ein del av ein framtidig sirkulær økonomi.	Nei
	Leggja til rette for at brukarane nyttar ny teknologi som bidreg til å redusera klimafotavtrykket.	Nei



	Invitera FoU miljø til fullskala testing av innovative energiteknologiar på dei tekniske anlegga.	Nei
	Etablera eige fond for å støtta energieffektviserande tiltak i private bustader.	Nei
	Hjelper næringsliv og private med informasjon om enova.no og eventuelle tilskot	Nei



TILBAKEMELDING FRÅ SELSKAPA

Voss Energi AS

Voss Energi er eigd 100% av Voss herad.

Resultat før skatt	2021	2022	2023	2024
Tal i heile 1000				
Konsern	60.263	168.547	70.457	67.918
Morselskap	20.112	14.925	14.780	

Ansvarleg lån frå Voss herad, NOK 130 000 000.

Voss Energi har 5 heileigde dotterselskap og to selskap med 40-50% eigarskap. I tillegg er Voss Energi medeigar i 6 andre selskap.⁹

Selskapet sitt føremål er å eiga selskap som driv energiforsyning, herunder produksjon, omsetnad og distribusjon av elektrisk kraft og andre energiformer, samt breiband/ fiber og det som elles står i samband med dette. Selskapet kan og eiga, delta i eller samarbeida med andre selskap som driv med denne type verksemd eller som driv verksemd som har naturleg tilknytning. Ingen endring av føremål eller vedtekter naudsynt. God måloppnåing jmf. føremål og styringsdokument.

Reguleringsmynde for energi (RME) påla Voss Energi AS å endra namnet på nettselskapet. Av den grunn endra Vonett AS namn til Tendranett AS, frå 08.01.2024.

Viktige hendingar i 2024:

- Overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn er gjennomført.
- Store utfordringar og mange feilsituasjonar i jole- og nyttårshelga 2023/2024 som følgje av store snømengder har forsert fornying av linjenettet mellom Evanger og Seim. Målsetting at ombygging og fornying vert avslutta i løpet av 2025.
- Vidare utbygging av fibernett.
- Påkopling av nye kundar til fjernvarmenettet

Planar 2025/2026:

- Gjennomføra investeringar for å førebu og knyta til nye utbyggingar i kommunen
- Fornyng og forsterking av gammalt linjenett
- Vidare utbygging av fibernett i kommunen
- Fornyng av kontrollanlegg i Hodnaberg kraftverk

Aktuelle utfordringar som vert lyfta fram av Voss Energi er kraftig endring/fall i nivå og svingingar for framtidig kraftpris.

Eigarskapsmessige tilhøve som er viktige å kommentera;

- Balanse mellom selskapet sitt behov for kapital til investeringar og utbytte til eigar.
- Ansvarleg lån og avtale om utbytte maksimalt 60% av gjennomsnittleg årsresultat siste 5 år.

⁹ Tendranett AS (100%), Voss Energi Kraft AS (100%), Voss Energi Produksjon AS (100%), Voss Fiber AS (100% frå 14.02.2025), Hordaland Bioenergi AS (100%), Teltech AS (50%) og Voss Kommunikasjon AS (40% frå 07.05.2025). Medeigar i Bulko kraft AS (18,8), Hardanger og Voss Næringshage AS (9,52%), Vossaløysinga AS (7,7 %), Validér AS (1,4 %) og Kitemill AS (<1.8%).



Voss Parkering AS

Voss Parkering er eigd 100% av Voss herad.

Resultat før skatt	2021	2022	2023	2024
Tal i heile 1000				
	2.241	2.204	-18.753	3,313

Voss parkering skal stå for bygging og drift av parkeringsanlegg i Voss herad, og medverka til å redusera trafikkbelastninga i sentrumsområdet, og til å utvikla gode tilbod for gåande og syklende. Selskapet skal medverka til istandsetting, tilsyn, vedlikehald og utvikling av Vossevangen som regionsenter.

Vedtektene vart endra 8.6.2024. Føremålet vart ikkje endra, det vart kun retta opp referansar til lovverket.

Ingen kommentar til måloppnåing jmf. føremål og styringsdokument.

Selskapet skal utføra heradet sine oppgåver etter parkeringsforskrifta og forskrift om offentleg parkeringsgebyr.

Etter avtale kan Voss Parkering AS også ta seg av drift av private parkeringsanlegg. Selskapet skal disponera heradet sine frikjøpsmidlar i samsvar med heradet sine retningslinjer.

Viktige hendingar i 2024:

Ikkje kommentert.

Planar 2025/2026:

Styreseminar og styreopplæring. Ny kontrakt med Bane Nor, Fraktgodstomta og Trygg sykkelparkering.

Eigarskapsmessige tilhøve som er viktige å kommentera:

- Ny dagleg leiar i 2025.
- Kapitalstrukturen i selskapet er tilpassa føremålet med eigarskapen og selskapet sin aktuelle situasjon.
- Voss herad stiller garanti for lån kr. 46,2 mill. i Kommunalbanken.



Voss Eigedom AS

Voss eigedom er eigd 100% av Voss herad.

Resultat før skatt	2021	2022	2023	2024
Tal i heile 1000				
	1.873	283	-877	218

Reduserte leigeinntekter i Uttrågata 15 (Helsehuset) som følge av at kommunehelsetenesta flytta til Knutepunktet. Voss herad kompenserer for driftskostnader og tapte leigeinntekter. Uavklart kva som vidare skal skje med eigedomen. Reduserte leigeinntekter i Magasinvegen 35. Selskapet kan ikkje inngå langsiktige avtalar pga. signert kjøpekontrakt og utbyggingsplanar for i Magasinvegen 35.

Føremål 2024: Voss Eigedom skal vera Voss herad sin føretrekte samarbeidspartnar og pådrivar for utviklinga av nye strategiske utbyggingsområde og prioriterte offentlege utviklingsprosjekt i kommunen. Selskapet skal gjennom utvikling, sal og forvaltning av eigedom bidra til verdiskaping for eigar og samfunn.

Nytt føremål frå 15.08.2025: Selskapet sitt føremål er å eiga og leiga ut eigedom. Selskapet skal på kommersielt grunnlag driva med eigedomsrelatert verksemd. Selskapet skal bidra til å utvikla og realisera kommunen sine planar for eigedomsutvikling.

Viktige hendingar i 2024:

- Voss Eigedom etablerte Tvildemo Tech AS saman med to private aktørar. Føremål er å utvikla Magasinvegen 35 til næring- og bustadareal.
- Det er politisk usemje om deltaking i nytt eigedomsselskap for Magasinvegen 35.
- Voss herad har vedteke å skalera ned aktiviteten i selskapet. Mange av aktivitetane er overført heradet frå 01.01.2025.
- Arbeidet Voss Eigedom har hatt med Istad Næringspark og festekontraktene på Tvildemoen er overført til Voss herad.

Planar 2025/2026:

- Arbeida vidare med planane for å utvikla Magasinvegen 35 til næring- og bustadareal. Avklara om det aktuelt å bygga ut eigedomen.
- Venta på avgjersle i Stortinget om organisatoriske sikringstiltak, som vil kunne gjera det meir aktuelt å bygga ut eigedomen.
- Følgja opp prosjekt «Vossogarden».
- Avklara kva som skal skje med Uttrågata 15.

Eigarskapsmessige tilhøve som er viktige å kommentera:

- Lån frå Voss herad - kr. 7.800.000,-



Hagahaugen AS

Hagahaugen er eigd 100% av Voss herad.

Resultat før skatt	2021	2022	2023	2024
Tal i heile 1000				
	129	-553	-2 436	-364

Ny organisasjonsmodell frå 01.01.24 har fungert i samsvar med heradet sitt føremål med selskapet og vedtak gjort av heradsstyret.

Selskapet tilrår å venta med å vurdera endring i vedtekter og føremål til framtida i selskapet er endeleg avklart.

Viktige hendingar i 2024:

- Heradsstyrevedtak om reversering av tidlegare vedtak om avvikling av selskapet.
- Utsetja gjennomføring av tidlegare vedtak om fusjon av selskapet med Voss Eigedom AS.
- Heradsstyrevedtak om reversering av tidlegare vedtak om debitorskifte for lån i Kommunalbanken frå Hagahaugen AS til Heradet. Jf. elles fyldig årsmelding

Planar 2025/2026:

Det er Voss herad (eigar) sjølv som no legg planar og er ansvarleg for drift og utvikling på Hagahaugen. Dette er formalisert gjennom ein samarbeidsavtale inngått mellom heradet og Hagahaugen AS gjeldande frå 01.01.24.

Eigarskapsmessige tilhøve som er viktige å kommentera:

- Etter inngått samarbeidsavtale mellom heradet og selskapet har heradet forplikta seg til å dekkja alle naudsynte drifts- og finanskostnader til selskapet.
- Det er motteke driftstilskot på kr. 4.815.476 i 2024.
- Voss herad stiller garanti for lån kr. 38,0 mill. i Kommunalbanken.



Kveik AS

Voss herad eig 71,42% av aksjane, Vestland fylkeskommune 23,34%, og resten er småaksjonærar med Voss Møbel og Trevare som den største med 2,01%

Resultat før skatt	2021	2022	2023	2024
Tal i heile 1000				
	1.310	223	-1.546	-229

Føremål:

Med ein inkluderande og open kultur skal me skapa grunnlag for arbeid og inkludering av arbeidstakarar, og dessutan etablera berekraftige tiltaksplassar, slik at samfunnsbevisste aktørar, pårørande og samfunn ser verdien av vårt arbeid.

Selskapet si måloppnåing er tilfredsstillande, sett i høve føremålet. Det er likevel krevjande å omstilla seg med tanke på anbudsutsetjing av Kveik sitt hovudvirke. Kveik er til ei kvar tid, avhengig av å ha samarbeid med andre større verksemdar for å kunne ta del i anbud.

Kveik må til ei kvar tid vurdera å endra/utvida føremålet til å omfatta fleire område. Kveik treng fleire bein å stå på, ikkje vere avhengig av Nav. Vedtektene vert vurdert årleg.

Viktige hendingar i 2024:

Tapte anbud i avklaring frå 30.juni 2024. 25 månadsverk som sysselsette omlag 2,5 jobbkonsulentar måtte reduserast. Nedbemanning etter naturleg avgang.

Planar 2025/2026:

Målet er å oppnå eit positivt resultat, få fleire oppdrag og verta endå meir synlege i bygda vår.

Aktuelle utfordringar:

Jobba vidare med å nå ei positiv drift framover etter omorganiseringa frå 2023. Må bli endå meir synlege og etablere eigne tiltak, for å stå betre rusta om dagens samarbeidspartnarar ikkje lukkast med å vinne anbud. Samstundes har NAV også begynt å tilby tiltak som Kveik har.

Eigarskapsmessige tilhøve som er viktige å kommentera:

- Kveik AS omorganiserte frå og med 01.11.2022 etter krav frå NAV. Nytt selskap Kveik formidling AS, 100% eigd av Kveik AS.
- Omorganisering til to selskap har vore krevjande med direkte økonomiske konsekvensar.



Stasjonsgarasjen Voss AS

Voss herad eig 50% av aksjane, Bane Nor Eiendom AS eig 50%.

Resultat før skatt	2021	2022	2023	2024
Tal i heile 1000				
	82	360	-1.737	-1.409

Selskapet Stasjonsgarasjen Voss AS vart stifta den 6. oktober 2020. Selskapet sitt vedtektsfesta føremål er å oppføra, eiga og leiga ut parkeringsanlegg, og anna verksemd beslekta med dette.

Ingen endring av føremål eller vedtekter naudsynt. God måloppnåing jmf. føremål og styringsdokument.

Aktuelle utfordringar for selskapet: Gjere Stasjonsgarasjen ytterlegare kjent i marknaden og auke belegget.

Viktige hendingar i 2024:
Ingen spesielle

Planar 2025/ 2026:
Fokusere på god drift.

Eigarskapsmessige tilhøve som er viktige å kommentera:

Stasjonsgarasjen Voss AS viser til mail sendt 12.12.2024 om at det ikkje lenger er krav til årsberetning for små føretak, jfr. Regnskapsloven § 2-1. Dette er lagt til grunn for at Stasjonsgarasjen Voss AS ikkje har utarbeida årsberetning for 2023 og 2024.



Bokførte verdier i Voss herad per 31.12.2024

Oppdatert liste over Voss herad sitt eigarskap i selskap, stiftingar og lag.

Selskap	Bokført verdi 31.12.2024
Aksjar Voss Energi AS	59 000 000
Eigenkapitalinnskot KLP fellesordning	43 665 275
Aksjar Eviny AS	37 672 369
Aksjar Voss Eigedom AS	20 050 000
Aksjar Stasjonsgarasjen Voss AS	19 000 000
Aksjar Voss Parkering AS	14 980 708
Aksjar i Hagahaugen AS	10 551 000
Eigenkapitalinnskot KLP sjukepleier	7 164 265
Eigenkapitalinnskot KLP Granvin	3 649 534
Aksjer Kveik AS	1 427 060
Andel Fredheim burettslag	1 102 500
Aksjer Storebrand	807 540
Andel tilf.pl. Eide bygg	215 713
Andel tilfl.rom Voss Stasjon	140 000
Aksjar Interk. Arkiv	105 000
Aksjar BIR	93 258
Andel Rogne burettslag	86 800
Andel Myrkdalen vassverk	68 000
Andel Tverrbergvegen	41 830
Business region Bergen	36 000
Andel Finne burettslag	32 900
Aksjar Reisemål Hardanger AS	30 000
Næringsshagen Hardanger	10 000
Aksjar Kinoalliansen AS	5 000
Aksjar Vann Vest AS	5 000
Aksjar Husfliden AS	2 500
Aksjer Kommunekraft AS	1 000
Aksjar Biblioteksentralen AS	900
Boktrykk/Norsk Skjemaforlag	700
Andel i Bolstadelva	699
Andel Dag og tid	250
Total	219 945 801